

Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS
Torvmyrane 29
6160 Hovdebygda



Volda Kommune og Ørsta Kommune
postmottak@volda.kommune.no
postmottak@orsta.kommune.no

Dykkar ref: Vår ref: PB Dato: 18.10.21

SÆRUTSKRIFT - MELDING OM POLITISK VEDTAK - AVFALLSGBEYR 2022.

Vi melder med dette frå at representantskapet i VØR i sak 14-21 den 28.09.20 gjorde slikt samrøystes vedtak i sak om budsjett og avfallsgebyr for 2022.

Avfallsgebyra skal i samsvar med Frl § 34 endeleg vedtakast av kommunen.

Repsak 14-21 Budsjett 2022

Vedtak 5 røysteføre:

Representantskapet i VØR rår kommunestyra i Volda og Ørsta til å gjere slikt vedtak:

1.0 Kommunestyret vedtek i medhald av lov av 13 mars 1981, nr 6 om vern mot forureining og avfall, slike satsar for avfall- og slamgebyr for 2022.

1.1

Artikkel	Renovasjon	Eks mva	Inkl. mva
1/20400	Renov. standard (140L våtorg, 140 L papir, 140 L rest)	Kr 3095,20	Kr 3869,00
1/20402	Renov. storhushald (140L våtorg, 240 L papir, 240 L rest)	Kr 5571,20	Kr 6964,00
1/20403	Renov. m/kompostavtale (140 L rest, 140 L papir)	Kr 2476,00	Kr 3095,00
1/20404	Renov. storhushald ekstra (140L våtorg, 340 L papir, 340 L rest)	Kr 8047,20	Kr 10059,00
1/20406	Renov. samarbeid inntil 2 abonnenter standard, pr. ab. (140L våtorg, 140 L papir, 140 L rest/)	Kr 2785,60	Kr 3482,00
1/20407	Renov. samarbeid 240L/340L/660L, pr. ab. (140L våtorg, 240L/340L/660L papir, 240L/340L/660 L rest)	Kr 2940,80	Kr 3676,00
1/20408	Renov. samarbeid storhushald ekstra, pr. ab. (140L våtorg, 340 L papir, 340 L rest)	Kr 4178,40	Kr 5223,00
1/20409	Renovasjon nedgrave felles container	Kr 3095,20	Kr 3869,00
1/20422	Renovasjon nedgrave felles >100 einingar. U tillegg. Heil eining.	Kr 1548,00	Kr 1935,00
1/20410	Renov. standard pluss (140L våtorg, 240 L papir, 140 L rest)	Kr 3095,20	Kr 3869,00
1/20412	Renov. storhushald pluss (140L våtorg, 340L papir, 240 L rest)	Kr 5571,20	Kr 6964,00
1/20413	Renov. kompostering pluss (240 L papir, 140 L rest)	Kr 2476,00	Kr 3095,00
1/20414	Renov. storhushald ekstra pluss (440 L papir, 340 L rest)	Kr 8047,20	Kr 10059,00
1/20416	Renov. samarbeid inntil 2 abonnenter standard pluss, pr. ab. (140L våtorg, 240 L papir, 140 L rest)	Kr 2785,60	Kr 3482,00
1/20417	Renov. samarbeid 240/340/660 L pluss, pr. ab. (140L våtorg, 240L/340L/660L papir, 240L/340L/660L rest)	Kr 2940,80	Kr 3676,00

1/20421	Renov. samarbeid storhushald ekstra pluss, pr. ab. (140L våtorg, 340 L papir, 340 L rest)	Kr 4178,40	Kr 5223,00
1/20436	Gebyr for matrikkelreg.bygningstypar 151,612,615,722,732 og 739 for 140 L med frekv. 52 henting restavfall.	Kr 4167,20	Kr 5209,00
1/20437	Gebyr for matrikkelreg.bygningstypar 151,612,615,722,732 og 739 for 240 L med frekv. 52 henting restavfall.	Kr 7.658,00	Kr 9.572,50
1/20438	Gebyr for matrikkelreg.bygningstypar 151,612,615,722,732 og 739 for 340 L med frekv. 52 henting restavfall.	Kr 11.462,40	Kr 14.328,00
1/20439	Gebyr for matrikkelreg.bygningstypar 151,612,615,722,732 og 739 for 660 L med frekv. 52 henting restavfall.	Kr 19.097,60	Kr 23.827,00
1/20420	Renov. Pr. hybel	Kr 1548,00	Kr 1935,00
1/20431	Fritidshus 50 % kategori 1. med levering fellespunkt	Kr 1548,00	Kr 1935,00
1/20432	Fritidshus 30 % kategori 2. med levering fellespunkt	Kr 928,80	Kr 1161,00
1/20433	Fritidshus 10 % kategori 3. med levering fellespunkt	Kr 309,60	Kr 387,00
1/20428	Renov. fritidsbustad med egne behaldarar	Kr 2476,00	Kr 3095,00
1/20440	Ekstra nøkkel-/kort for nedgrave anlegg	Kr 254,40	Kr 318,00
1/20419	Henteavtale.	Kr 506,40	Kr 633,00
1/20430	Ekstra sekk til restavfall	Kr 80,00	Kr 100,00
1/20911	Sakshandsamingsgebyr ved fornya søknad om fritak for gebyr innsendt etter utløpet av fritaksperioden, når faktura er utsendt.	Kr 636,80	Kr 796,00
1/20912	Sorteringsgebyr ved omklassifisering av avfall til restavfall, pr. 100 L sekk.	Kr 180,00	Kr 225,00
1/20913	Etablering av nytt abonnement / restart av abonnement etter fritak inkl. klargjering og utkøyring av behaldarsett og sekkar.	Kr 944,00	Kr 1180,00
1/20914	Etablering av nytt abonnement / restart av abonnement. Klargjering og merking for henting på VØR.	Kr 344,00	Kr 430,00
1/20915	Bytte av behaldarar ved endring i abonnement. Pr bytte.	Kr 344,00	Kr 430,00
1/20443	Ekstra tilkøyring etter avtale. For tømning reknast 1/20430 pr. 100 L sekk, uavhengig av fraksjon.	Kr 222,40	Kr 278,00
1/20444	Eigen behaldar for emballasjeplastsekkar pr. 120 L (frå april 2022)	Kr 256,00	Kr 320,00

1.2. Kommunestyra godkjenner gebyrfinansierte låneopptak knytt til investeringar i 2021 på til saman 30 mill.kr, innafor ramma i selskapsavtalen § 12.
25 mill. kr til bygningsmessige tiltak og 5 mill. kr til utstyr og innreing.

1.2	Kloakkslam	Eks mva	Inkl mva
1/20460	Slamavskiljar inntil 4,5 m3. Kv.2. år tømning.	Kr 1148,80	Kr 1436,00
1/20463	Slamavskiljar inntil 4,5 m3. Årleg tømning.	Kr 2297,60	Kr 2872,00
1/20464	Slamavskiljar inntil 4,5 m3. Kv. 4. år tømning	Kr 574,40	Kr 718,00
1/20469	Slamavskiljar. Pr. m3 over 4,5 m3	Kr 564,80	Kr 706,00
	Kloakkslam – tett tank		
1/20468	Tømning av tank inntil 6,0 m3.	Kr 2950,40	Kr 3688,00
1/20474	Tømning av tett tank for fritidsbustad utan innlagt vatn	Kr 1475,20	Kr 1844,00
1/20470	Tømning pr. m3 for tankar over 6 m3	Kr 630,40	Kr 788,00
	Kommunale fellestankar		
1/20472	Gebyr pr. m3 for årleg tømning > 4,5 m3	Kr 528,00	Kr 660,00

1/20484	Gebyr pr. m3 for kvar 2 år tøming > 4,5 m3	Kr 264,00	Kr 330,00
	Tillegg til ordinær tømepris		
1/20486	Tilkøyring ved naudtøming	Kr 2108,80	Kr 2636,00
1/20487	Tilkøyring ved ekstratøming	Kr 1461,60	Kr 1827,00
1/20488	Tøming med minislamsugar.	Kr 1461,60	Kr 1827,00
1/20492	Oppdrag etter timepris. Pris pr. time.	Kr 1820,80	Kr 2276,00
1/20491	Tøming og levering til deponi på grunn av framandelement i tanken: Tømepris art.1/20460 pluss køyring art. 1/20474 til og frå deponi.	Kr 14.834,40	Kr 18.543,00
1/20493	Trafikkdirigering dersom tømebil må stå på offentlig veg under tømeprosess.	Etter rekning.	

Tøming av tankar i tråd med renovasjonsforskriftene for Volda og Ørsta Kommunar.
Minislamsugar vert nytta der vegtilkomst ikkje tillèt bruk av standardutstyr. Jfr. Ren.forskr.§ 14.d.

Kostnader ved eventuell spyling av tank, tilløp eller avløp vert å gjere opp direkte mellom abonnent og entreprenør.

2. Vedtaket i punkt 1, er gjort under føresetnad av at gebyrsatsane vert vedtekne likt i både Volda og Ørsta kommunestyre.

Handsaminga

Samrøystes vedteke etter samrøystes tilråding frå styret.

Saksutgreiing:

Kommunestyra vedtek renovasjonsgebyra for komande år, etter tilråding frå representantskapet og styret i VØR. Styret handsama saka 24 august og representantskapet 27 september 2021. Kommunestyra er VØR sin eigar. Og for at eigar i størst mogleg grad skal vere kjend med status til VØR sitt samfunnsoppdrag, rapportera vi i denne budsjettsaka om oppnådde miljømål og kva representantskapet har som mål og plan for dei komande år.

Status miljømål.

VØR nådde 58,6 % materialgjenvinning i 2020 levert til gjenvinningsbedrift, ned frå 61,3 % i 2019. Representantskapet i VØR sitt mål er å auke materialgjenvinninga til 60 % innan 2025, ut frå gjenvinningsbedrift.

Representantskapet støttar seg på stortingsvedtak om mål for materialgjenvinning på 55 % i år 2025. 60 % i 2030 og 65 % i 2035. Samstundes skal mengd innsamla farleg avfall aukast. Frå 2025 vert målemetoden endra, til å verte levert ut frå gjenvinningsbedrift og ikkje inn til gjenvinning som er gjeldande målemetode. Dermed må VØR, auke kvaliteten på det som vert levert inn med opp til 10 %.

Alle omleggingane av innsamlingsordningar som VØR har gjennomført, har gitt positivt miljøresultat. Innsamla glas- og metallmengdene har auka med meir enn 60 %. Mengdene innsamla plastemballasje har tredobla seg.

Mengdene mindre typar farleg avfall i raud boksane, som småbatteri og lyspærer har femdobla seg. Der innbyggarane og vi i samarbeid må verte flinkare, er ved å auke kvaliteten på det innsamla.

Mål 2022-2026.

I denne perioden vil mål om minst 60 % materialgjenvinning ut frå gjenvinningsbedrift, saman med tiltak for å redusere klimautslepp, ha størst fokus.

Digitalisering og omlegging av gebyrregulativet for å innrette det sterkare mot brukarbetaling, vil vere tiltak som skal understøtte dei to hovudsatsingane.

VØR sin tilnærming til kvalitetssatsinga er ved å vere faktabasert. Ha kunnskap om den kvaliteten som er på avfallet som vert samla inn hos husstandane og det som vert sendt frå seg.

Årlege plukk analyser for å få meir kunnskap om kva VØR mottar vert vidareført, og vi vil legge opp til enda fleire stikkprøver, slik at vi får adressert avvika.

Klima er eit lokalt og nasjonalt satsingsområde. I praksis handlar det om å redusere bruk av energi i bygg og transport. Og helst utfasing av fossil energi. VØR sine tiltak er komprimering av avfall og å sette krav i innkjøp om lastbærarar med høg lasteevne. Dette for å redusere talet transportar. Det viktigaste er likevel å gå over til klimanøytralt drivstoff og bidra til lokal utnytting av avfallet som alternativ til langt bort transportert avfall. Effekt av slike tiltaka vil vere stor.

VØR fortsetter målretta med digitalisering, for å gi innbyggarane meir kunnskap i notid og såleis betre tenester. Dette inneber elektronisk merking av kvar einiskild behaldar. Planlegginga av dette vil verte utført i 2022 og gjennomført i 2023.

Miljødirektoratet ber oss satse på betalingssystem som sterkare enn i dag skal motivere innbyggarane til sortering. Om dette skal innførast, vert å ta stilling til av kommunestyra i 2023 / 24, etter at alle behaldarar er merke med elektroniske RFID brikker.

På miljøstasjonen vil det frå medio 2022 verte høve til å levere trevirke til materialgjenvinning (sponplateproduksjon) og ikkje til energigjenvinning som i dag. Vidare vert det etablert eit tilbod om mottak av hardplast for materialgjenvinning.

Vi vidarefører innsamlingsaksjonar for FA på bygdene to gangar pr år, slik vi har hatt sidan 2018.

Nytt i 2022 er eiga innsamlingsrute av plastemballasje frå ca. april 2022. Vi har ledig bil frå då. Vi vidarefører ordninga med innsamling av plastemballasje i returplastsekk, og vil bytte ut dagens sekk på 70 l med ein på 140 l når lageret vårt av sekkar er tomt. Det vert og opna for eigen behaldar for dei som ynskjer, mot eige gebyr for det.

Satsinga er ei medviten haldning for å få reinare papir, papp, drikkekartong og plastfraksjon enn i dag. For mykje laus plast vert levert saman med papiret i behaldarane i dag, noko som forureinar papiret. Vi håper ved å skilje dette ved kjelden, og kunne betre kvaliteten monaleg.

På investeringssida, er hovudinnsatsen å gjere ferdig omlastingsanlegget på Melsgjerdet 3, i tillegg til å effektivisere miljøstasjonen i Torvmyrane.

Ved investering i teknologi vil vi frigjere plass til fleire fraksjonar, samtidig som transportbelastninga vert redusert.

VØR sine ordningar samanlikna med våre naboar.

Vi har i dag eit innsamlings tilbod relativt likt med størsteparten av kommunane her i landet og kommunane vi grensar til. Nordfjord (NOMIL) i sør og Ytre Søre Sunnmøre (SSR) i vest. For hovudfraksjonane mat-, rest-, plast- og papiravfall har vi lik hentefrekvensen med NOMIL og SSR. VØR har innsamlingsordning for Farleg Avfall via raud boks, noko dei andre ikkje har. Likeeins har NOMIL og VØR innsamling av glas og metall emballasje i eigen behaldar, noko SSR ikkje har innført. SSR har på sin side frie mengder papp, papir og plast ved sidan av behaldar på hentedag. Alle tre selskapa har betalingsordning ved levering av grovavfall.

Om gebyra og økonomien til selskapet.

Med like ordningar vert og gebyra våre meir lik selskapa rundt oss med dei same geografiske utfordringane som oss.

Budsjettet vårt syner kr 200,- i gebyrauke i 2022 som i røynda er kostnadsdekning for nytt tilbod, eigne innsamlingsruter for plastavfall.

Budsjettet underskot 2022 er dekt inn ved bruk av fond frå overskot renovasjon 2020.

Landsgjennomsnittet for eit standardgebyr ifølgje Statistisk Sentralbyrå kr 3.002,- i 2020 (eks mva.)

Fylkesgjennomsnittet i Møre og Romsdal kr 3.034,-

I 2022 er tilrådinga på standardgebyret hos VØR kr 3095,20 ekskl. mva.

SSB syner slikt standardgebyr i 2021 til kommunane rundt oss eks .mva.

Stadt og Stryn	kr 3375,20
Stranda	kr 4095,00
Sula	kr 3318,00
Hareid/Ulstein	kr 3518,40
Volda/ Ørsta	kr 2895,20

Sjølvkostfondet renovasjon

Vi har eit opparbeida overskot på kr 3.513.435,- frå 2020 som er planlagt brukt i 2021, 2022 og 2023. Planlagt underskot 2022 er kr 1.031.726,-

Omlastingsanlegget på Melsgjerdet.

Vi planlegg å ta i bruk anlegget i juni 2022.

Biogass

Planane om eit eventuelt biogass anlegg saman med samarbeidspartar, er vidareført i 2022.

Løyvesøknaden er i skrivande stund til handsaming hos Statsforvaltar. Vert det ja, må det endelege investeringsgrunnlaget på plass, inklusiv kven som skal delta på eigarsida. Vi har eit realistisk håp om å kome med ei tilråding om investering eller ikkje, på nyåret i 2022.

Inntektene.

Gebyra aukar med kr 200,- eller 6,1 % frå 2021 til 2022. Vi ventar vekst i tal abonnement på line med 2020.

Inntektene frå sal av reine avfallsfraksjonar er vurderte ulikt i høve type. Vi ser at glas og metall mengdene aukar med stabile prisar. Volumet plastemballasje aukar også, men der får vi relativt mykje trekk då ein no har innført betaling for det som kjem ut frå gjenvinnar, og ikkje det som vert levert inn. På same tid har prisane gått ned grunna stort tilbod globalt.

Etterspurnad etter returpapir er no betre etter fleire dårlege år. Vi startar opp att med pressing på Melsgjerdet, og ser fram til at dette skal gi oss både inntekter og klimagevinst. Her har vi inntektsført 0,25 mill. kr frå andre halvår i 2022.

Vi innfører fleire brukarbetalingssordningar, for å redusere overforbruk av teneste «når det ikkje kostar noko». Kvart år etter fakturering opplever vi at ein del enkeltabonnentar bytter behaldarar ned i storleik, for så å bytte opp att ein til to månader seinare. Å skrive bestillingar, ta ut personale for å køyre ut og gjennomføre byttinga. Vaske behaldarane når ein kjem inn att og kvittere ordren i styringssystemet vårt, kostar kvar gang. Det er viktig at denne valfridomen er her, men frå no av er det ikkje fellesskapen som bør betale for det. SSR i Ulsteinvik har hatt ordninga i ei årrekkje, og nyttar langt mindre ressursar enn oss på slik bytting, enn VØR. I sommar har dei hatt 0 % stilling i bruk til behaldarbytte, medan vi har brukt 60 %. Vi budsjetterer med kr 500' i netto effekt av tiltaket. Eigen behaldar for emballasjesekkar blir emballasje utanpå emballasjesekken. Vi ser likevel at nokre kan ha behov for slike løysingar, og vil derfor tilby det. Men hovudregelen skal vere å bruke sekk som i dag, festa på behaldar med krok som VØR kjøper inn til abonnentane.

Slam

Det er ordinær innsamling i 2022. Sjølvkostfondet er var på kr 2.273.538,- ved årsskiftet 2020/21. Vi tilrår derfor reduserte slamgebyr med 3 % på tank tømningane. 12 % ned på tette tankar.

Kostnadane

Driftsbudsjettet er justert med endringar som følgje av kvalitetskrava vi har ved vidarelevering av avfall, og prognose for mengdene med avfall vi har pr juli 2021.

Personalkostnaden syner auke i -22 i høve 21. Ein stor del av dette skuldast manuell sortering av plast etter at papirutene kjem inn. Vi legg opp til reduksjon i personalkostnadene i storleik ½ stilling når vi kjem i gang med plastinnsamling i eigne ruter og sorteringsband / papirpresse.

Reguleringspremie for pensjon vart ekstra høg i 2021. Vi har derfor auka avsetning til denne noko, i høve 2020 resultatet. Årslønsveksten frå 2021 til 2022 er sett til 3.0 %.

Av nye tiltak har vi lagt inn rente, avskrivning og driftskostnader frå nytt mottaksanlegg på Melsgjerdet for seks månader og teknisk utstyr montert i Torvmyrane 29 i same perioden, for å auke rasjonaliteten i drift av miljøstasjonen til VØR.

Av andre nye kostnadsfaktorar, er kjøp av papirposar til bruk for matavfall, til erstatning for den grøne plastposen. Ordninga med papirpose vil vere frivillig i 2022, men såleis at dei som vil fortsette med plastpose, må halde denne sjølv når VØR sitt lager er oppbrukt. Venteleg på vårparten 2022. Dei som har flytande matavfall som saus og supper, kan bruke drikkekartongar å slå det i, og levere den saman med matavfallet i papirposen.

Andre deler av driftsbudsjettet er individuelt vurdert i høve kontraktar og behov, og gjeld mindre summar.


Investeringar – nye tiltak.

Utbygging på omlasteanlegget på Melsgjerdet går sin gang og skal takast over i juni 2022. Aurstad Tunell AS er totalentreprenør.

Etter at bygginga kom i gang, fekk vi nye krav i Løyve frå Statsforvaltaren. Det går på særlege krav om oppsamling av vatn frå asfalterte overflate og tak. Dette skal førast til infiltrasjon.

Resultatet er at VØR må auke låneopptaket for å restfinansiere prosjektet med 25 mill. kr. I tillegg er det planlagt å bruke 5 mill. kr i utstyr for å auke rasjonaliteten i drifta i Torvmyrane. De gjeld komprimatorar, kontainerar, inventar, hjullastarutstyr og programvare.

Rett utskrift 18.10.21



Petter Bjørdal
Dagleg leiar

Vedlegg: Budsjettet 2022 –taldel.

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS

		Resultat
Budsjettert resultatrekneskap	2 022	2 020
Driftsinntekter		
Salsinntekter	44 904 780	43 635 464
Annan driftsinntekt	30 000	48 542
Fra fond hushaldning og slam	-	
	<u>44 934 780</u>	<u>43 684 006</u>
Driftskostnader		
Beholdningsendringar		-137 777
Underentreprise	-657 000	-194 665
Lønskostnad	-15 680 043	-12 507 813
Avskrivning	-5 396 468	-3 051 721
Annan driftskostnad	-22 800 992	-22 294 159
Sum driftskostnader	<u>-44 534 502</u>	<u>-38 186 134</u>
Driftsresultat	<u>400 278</u>	<u>5 497 872</u>
Finansinntekter og finanskostnader		
Annen renteinntekt	220 000	698 655
Nedskrivning av finansiell anleggsmiddel		
Annen rentekostnad	-1 652 004	-1 636 837
Annen finanskostnad		-
Netto finanspostar	<u>-1 432 004</u>	<u>-938 182</u>
Resultat etter finans inntekt-/kostnader		
Ordinært resultat før skattekostnad	-1 031 726	4 559 690
Skattekostnad		12 060
Årsresultat	<u>-1 031 726</u>	<u>4 571 750</u>
Arsoppgjerdisjonar		
Til fond slambehandling		993 998
Til fond hushaldning		4 103 588
Overført frå annan egenkapital		-525 836
Sum disponeringer	<u>-</u>	<u>4 571 750</u>

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS

	Resultat	
Balanse	2 022	2 020
EIGEDELAR		
Anleggsmidler		
Utsett skattefordel		108 723
<i>Varige driftsmidler</i>		
Immaterielle egedelar		64 418
Tomter, bygningar, annan fast eigedom		30 027 403
Driftslausøyre, inventar, verktoy kontormaskiner		8 770 212
Sum varige driftsmidler	-	<u>38 970 756</u>
<i>Finansielle anleggsmidler</i>		
Investeringar i aksjar og andelar		1 356 600
Sum anleggsmidler	-	<u>40 327 356</u>
Omløpsmidlar		
Varelager		<u>238 140</u>
<i>Fordringar</i>		
Kundefordringar		3 217 963
Andre fordringar		1 042 630
Sum fordringar	-	<u>4 260 593</u>
Bankinnskot, kontantar og lignende		<u>61 402 544</u>
Sum omlaupsmidler		<u>65 901 277</u>
SUM EIGEDELAR	-	<u>106 228 633</u>

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS

	Resultat	
Eigenkapital og gjeld	2 022	2 020
Eigenkapital		
Opptent eigenkapital		2 273 538
Fond slamhandsaming		3 513 435
Fond hushaldning		14 354 094
Annan eigenkapital		20 141 067
Sum eigenkapital		<u>20 141 067</u>
SUM EIGENKAPITAL		<u>20 141 067</u>
GJELD		
Avsetning til forpliktingar		-
Utsett skatt		-
Sum avsetningar til forpliktingar		<u>-</u>
Annan langsiktig gjeld		82 051 051
Gjeld til kredittinstitusjonar		82 051 051
Sum annan langsiktig gjeld		<u>82 051 051</u>
Sum langsiktig gjeld		<u>82 051 051</u>
Kortsiktig gjeld		1 886 336
Leverandørgjeld		-
Betalbar skatt		512 948
Skuldige offentlege avgifter		1 637 231
Annan kortsiktig gjeld		4 036 515
Sum kortsiktig gjeld		<u>4 036 515</u>
Sum gjeld		<u>86 087 566</u>
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		<u>106 228 633</u>